

Utval: Hordaland fagskulestyre
Møtestad: Fagskolen i Hordaland, Austevoll
Dato: 24.01.2018
Tidspunkt: 10:00 – 14.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Aslaug Hellesøy	Medlem	FL KRF/R/SV
Sjur Inge Veim	Medlem	TILSETT
John Helge Gullaksen	Medlem	FL H/V
Rosalind Fosse	Medlem	FL FRP/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Erlend Olsen Nondal	Medlem	STUD
Roald Kvamme	Leiar	A
Aleksander Fosse Andersen	Nestleiar	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sara Sekkingstad	Erlend Nondal	Studentrepresentant

Merknader

Rektor Fagskolen i Hordaland Torbjørn Tvedt møte.
Avdelingsleiar for fagskolen i Austevoll Håvard Endre Waage

Aslaug Hellesøy vart oppnemnd som møteleiar.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Adeline Landro	Spesialrådgjevar
Silje Baldersheim Totland	Styresekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 2/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 3/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/18	Revisjon ved Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 4/18	Budsjetter og informasjon om ny finansiering i 2018	2015/11453	
PS 5/18	Løyve til å søkje NOKUT om nytt studie i Klassisk bygningshåndverk og restaurering	2015/11453	
PS 6/18	Fastsetjing av forskrift for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 7/18	Ymse		

PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

PS 2/18 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

Vedtak

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknader.

PS 3/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

Vedtak

Referatsakene vart tekne til etterretning.

RS 1/18 Revisjon ved Fagskolen i Hordaland

PS 4/18 Budsjetter og informasjon om ny finansiering i 2018

Forslag til vedtak

1. Budsjett for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Budsjett for fellesutgifter vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med følgjande merknad:

Styret ønskjer ein eigen budsjettpost som syner investeringar i Fagskolen i Hordaland.

Vedtak

1. Budsjett for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Budsjett for fellesutgifter vert vedteke slik det kjem fram av saka.
3. Styret ønskjer ein eigen budsjettpost som syner investeringar i Fagskolen i Hordaland.

PS 5/18 Løyve til å søkje NOKUT om nytt studie i Klassisk bygningshåndverk og restaurering

Forslag til vedtak

Fagskolen i Hordaland kan søkje NOKUT om godkjenning for fagskuletilbodet «Klassisk bygningshåndverk og restaurering» (60 fagskulepoeng, studiestad Nordnes) innan 1. mars 2018 med mindre justeringar i planen.

PS 6/18 Fastsetjing av forskrift for Fagskolen i Hordaland

Forslag til vedtak

Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (Forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (Forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteken slik det kjem fram av saka.

PS 7/18 Ymse

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.01.2018

YMSE

Fagskolen som ein del av grunnskulen ?.

Styret vedtek at det skal leggjast fram ei sak om fagskulen skal vere organisert i KD saman med grunnskulen, og ikkje saman med anna høgare utdanning i høve til ny fordeling av ministerpostane. Administrasjonen utarbeider eit skriv og sender til Kunnskapsdepartementet.

Dialogmøte.

Det ligg føre eit forslag om å samle styra i dei ulike fylka til eit dialogmøte.

Møtegodtgjersle/styregodtgjersle.

Ein må finne ut korleis ein skal skrive møtegodtgjersle/styregodtgjersle slik at alle gjer det likt. Administrasjonen sender ut ei melding om rutine for dette. Det blei også stilt spørsmål om føring av møtegodtgjersle kan gjere utslag på budsjettet.

Vedk. kursverksemd.

Rosalind Fosse ytra ønske om ein eigen post for kursverksemd i budsjettet. Det er mangel på eit føreseieleg investeringsbudsjett. Ved å ha eit slikt budsjett vil ein kunne planleggje innkjøp av utstyr mykje betre.

Investeringsmidlar

Styret ber administrasjonen sende førespurnad til fylkesrådmannen om at fagskulen må få eit eige investeringsbudsjett som er skilt frå investeringsbudsjettet ved dei vidaregåande skulane.